

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 13.06. 2014 kl. 16.05

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Eva Rinde Habostad og Svein Kvaløy
Magnar Furset hadde meldt forfall.

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Røgne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Stranda Kommune møtte Økonomisjef Ståle Anker Ljøen.

Det vart meldt inn ei ekstrasak.

SAK 08/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 26. MARS 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 26. mars 2014 blir godkjent.

SAK 09/14

ÅRSMELDING 2013 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 10.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Stranda kommune til orientering.

SAK 10/14
KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 10.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Stranda kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

SAK 11/14
REKNESKAP 2013 – STRANDAFJELLET KF

Innstilling datert 10.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Strandafjellet KF sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

SAK 12/14
REKNESKAP 2013 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Innstilling datert 13.06.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

SAK 13/14
UTSETT SAK 04/14, PROSJEKTSKISSE STRANDAFJELLET

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.06.2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til kommunerevisjonens prosjektskisse for gjennomgang av utbygging i regi av Strandafjellet KF. Gjennomføring av prosjektet er m.a. avhengig av slutføring av salsprosessen. Revisjonen peikar også på at stipulert ressursbruk vil ligge vesentleg utover det som er avsett til slik revisjon i Stranda kommune. Då vilkåra for gjennomføring per dato ikkje ligg føre, vil kontrollutvalet sette denne forvaltningsrevisjonen på vent inntil vidare.

2. Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen om snarast råd å utarbeide ei projektskisse for gjennomgang av økonomiske og forvaltningsmessige sider knytt til utbygging i regi av Stranda hamnevesen KF. Omfanget av den endelege rapporten skal ligge innanfor disponible ressursar.

SAK 14/14

INNSTILLINGSRETT – KONTROLLUTVALET ELLER RÅDMANNEN

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.06.2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka ti orientering.

SAK 15/14

STRANDAFJELLET KF - AVVIKLINGSREKNESKAP

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Strandafjellet KF sin avviklingsrekneskap blir godkjent.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

Svein Kvaløy
medlem
(sign.)